



Innkalling av Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Møtedato: 30.05.2022
Møtestad: Alver rådhus - kantina
Møtetid: 12:00 - 16:00

Eventuelle forfall må meldast til Nora Gjerde epost nora.gjerde@alver.kommune.no eller tlf. 958 51 171

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Det vert felles orienteringsmøte for eldrerådet/RMNF i kantina kl. 12.00.

Sakliste

Saknr	Tittel
022/22	Godkjenning av innkalling og sakliste
023/22	Godkjenning av møteprotokoll – 02.05.2022
024/22	Detaljregulering for Holme- Offentleg ettersyn og høyring
025/22	Rullering - Anleggsstrategi for Alver kommune - 2020-2024
026/22	Kulturprosjekt - våren 2022
027/22	Etablering av helsefellesskap - overordna samarbeidsavtale og tenesteavtale 1
028/22	Revisjon av retningslinjer for følgjebevis
029/22	Følgjebevis ved utlån og utleige av kommunale bygg, anlegg og lokale
030/22	Byggeprogram - bufellesskap
031/22	Meldingar og orienteringar til RMNF - 30.05.2022

23. mai 2022

Magne Bjørndal
møteleiar

Nora M. K. Gjerde
møtesekretær

Arkiv: <arkivID><jplD> FE-033
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 23.05.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
022/22	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	30.05.2022

Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Arkiv: <arkivID><jplD> FE-033
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 13.05.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
023/22	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	30.05.2022

Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokollen vert godkjent.

Vedlegg i saken:

03.05.2022 Protokoll - Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 02.05.2022 1732964



Møteprotokoll for Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Møtedato: 02.05.2022
Møtestad: Alver rådhus - kantina
Møtetid: 10:00 - 15:50

Rådet var på synfaring på tre ulike lokalitetar knytt til saka "byggeprogram bufellesskap" før møtet tok til.

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Sølvi Gripsgård Knudsen	SP	Medlem
Else Marie Skartveit Dale (gjekk under handsaming av sak 020/22)	KRF	Medlem
Jan Arild Lindaas	SAFO	Medlem
Reidar Knutsen	SAFO	Medlem
Svein Arne Vabø (kom til sak 021/22)	SAFO	Medlem
Liv Erstad	FFO	Medlem
Magne Bjørndal	FFO	Utvalsleiar
Bente Orlen Westervik	FFO	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Jannicke Helland	FFO	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
Erling Jacobsen	FFO	Jannicke Helland

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Bernt Fjordheim-tenesteleiar Habiliteringstenester, Eva Mikkelsen-prosjektleiar Kvalitetsforbetring og ressurseffektiv drift, Helge Kvam-fagansvarleg Helse og omsorg, Hogne Haugsdal-kommunalsjef Samfunnsutvikling, Kristin Moe-kommunalsjef Oppvekst, Line Merete Valle-tenesteleiar Eigedomsforvaltning, Øyvind Oddekallv-varaordfører, Nora Gjerde-politisk sekretariat

Sakliste

Saknr	Tittel
017/22	Godkjenning av innkalling og sakliste
018/22	Godkjenning av møteprotokoll
019/22	Høyring - politisk styringsstruktur og reglement for Alver kommune
020/22	Meldingar og orienteringar til RMNF - 02.05.2022
021/22	Omsorgsbustader + med kommunal forskottering og tilvisingsrett

017/22: Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 02.05.2022:

Behandling:

Endring rekkefølge sakliste: 021, 017, 018, 019, 020/22.
Ellers ingen merknader, samrøystes.

RMNF- 017/22 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

018/22: Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokollen vert godkjent.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 02.05.2022:

Behandling:

Møteprotokoll frå møte - 21.03.2022 vert godkjent, samrøystes.

RMNF- 018/22 Vedtak:

Møteprotokoll frå møte - 21.03.2022 vert godkjent.

019/22: Høyring - politisk styringsstruktur og reglement for Alver kommune

Kommunedirektøren legg fram saka utan framlegg til vedtak:

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 02.05.2022:

Behandling:

Orientering til saka v/Øyvind Oddekalv-varaordførar

Sølvi Knutsen-Sp sa seg ugild og ho deltok difor ikkje i handsaminga av denne saka.

Ingen merknader, samrøystes.

RMNF- 019/22 Vedtak:

Ingen merknader.

020/22: Meldingar og orienteringar til RMNF - 02.05.2022

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Meldingar vert tekne til orientering.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 02.05.2022:

Behandling:

Følgjande meldingar og orienteringar vart lagt fram i møtet:

1. Høyring Politisk styringsstruktur og reglement v/Øyvind Oddekalv-varaordførar
2. Status prosjekt leining, kvalitetsforbetring og ressurseffektiv drift v/Helge Kvam-fagansvarleg Helse og omsorg
3. Organisering Stellanemarka burettslag v/Bernt Fjordheim-tenesteleiar Habiliteringstenester.
4. Presentasjon: Universell utforming bustader - kva er handlingsrommet der RMNF kan påvirke? v/Hogne Haugsdal-kommunalsjef Samfunnsutvikling
5. Oppfølging tilsyn Meland ungdomsskule v/Kristin Moe-kommunalsjef Oppvekst
6. Kommunedelplan oppvekst v/Kristin Moe kommunalsjef Oppvekst

Orientering 1 og 2 vart gjevne i fellesmøte med Eldrerådet/RMNF.

Merknad til melding 3: Rådet tek saka til førebels orientering, men bed om at brevet frå foreldregruppa i Stellanemarka burettslag og kjem opp som sak i utval for Helse- og omsorg.

Meldingar vert tekne til orientering, samrøystes.

RMNF- 020/22 Vedtak:

Meldingar vert tekne til orientering.

021/22: Omsorgsbustader + med kommunal forskottering og tilvisingsrett

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek å forskottere for 8 stk omsorgsbustader + med vaktrom for personale. Bebuarane skal sjølv eige sine husvære. Tiltaket får kommunal tilvisingsrett på 30 år. Det vert løyvd ei ramme på 46 millionar kr inkl mva og midlar til uforutsette utgifter til realisering av prosjektet. Ved eit sal av bustadene skal dette gå til tilbakebetaling av gjeld.

Finansiering vert slik:

- Momsrefusjon 7,8 mill. kr.
- Lånemidlar 25,2 mill. kr.

- Tilskot frå Husbanken 13 mill. kr.
- Tidspunkt og periodisering av investeringa på faktiske utbyggingsår vert innarbeid i neste oppdatering av økonomiplanen»

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 02.05.2022:

Behandling:

Orientering til saka v/Line Merete Valle-tenesteleiar Eigedomshandling

Fellesframlegg v/Magne Bjørndal:

Rådet er positive til tiltaket, men er opptekne av å unngå for stor opphoping av bueiningar. Vi stiller spørsmål ved talet på 8 einingar. Vi har fått opplyst at 6 interessentar står bak initiativet, og bed om at det vert vurdert å avgrensa prosjektet til 6 bueiningar.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

RMNF- 021/22 Vedtak:

Uttale i RMNF 02.05.2022:

Rådet er positive til tiltaket, men er opptekne av å unngå for stor opphoping av bueiningar. Vi stiller spørsmål ved talet på 8 einingar. Vi har fått opplyst at 6 interessentar står bak initiativet, og bed om at det vert vurdert å avgrensa prosjektet til 6 bueiningar.

<arkivID><jplD>
PlanID-
125620160007,
Plannavn-
Detaljregulering for
Holme, Komnr-4631,
GBNR-310/39, FA-L13

Arkiv:

JournalpostID:

Sakshandsamar:

Dato: 16.05.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
021/22	Eldreråd	30.05.2022
024/22	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	30.05.2022
	Utval for helse og omsorg	
020/22	Ungdomsråd	30.05.2022

Detaljregulering for Holme- Offentleg ettersyn og høyring

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Saksutgreiing:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-10 har Utval for areal, plan og miljø 04.05.22, som sak 066/22, gjort vedtak om å leggja planframlegg ut til offentleg ettersyn.

Planområdet er på om lag 30 daa og er lokalisert på Holme i Meland. Forslagsstillar ynskjer å legge til rette for eit nytt bustadfelt i form av to- og firemannsbustadar. Totalt er det planlagt 30 nye einingar. I tillegg til desse inngår den eksisterande einbustaden ved gbnr. 310/92 som ein del av reguleringsplanen. Sør i planområdet vert eksisterande røyrliggjarbedrift regulert til næringsformål.

Planframlegget omfattar følgjande dokument:

1. Planskildring Holme
2. Plankart Holme
3. Føresegner Holme
4. Illustrasjonsplan Holme
5. ROS-analyse Holme
6. Merknadsskjema Holme
7. Merknader samla Holme
8. Plan og profiltegning C01 Holme
9. Plan og profiltegning D01 Holme
10. Tverrprofiler Holme
11. VA Rammeplan Holme
12. VA plan med kart Holme
13. Overvannsberegning utbygd situasjon Holme
14. Overvannsberegning dagens situasjon Holme
15. Vann kummer Holme

16. Vedtak Holme

Plandokument og vedtak er tilgjengelig på kommunen si heimeside under [Høyringer og kunngjeringar](#).

Perioden for offentlig ettersyn er sett frå 12.05.22 – 24.06.2022

Merknader til planforslaget må vera framsett skriftleg innan merknadsfristen. For å kome med merknad kan du sende e-post til post@alver.kommune.no eller sende brev til Alver kommune, Postboks 4, 5906 Frekhaug. Merknaden stilast til Planforvaltning.

Merknadsfrist er sett til **24.06.2022**

Vedlegg i saken:

05.05.2022	Forslag til detaljregulering for Holme, gbnr. 310/39 - 1. gongs handsaming - PlanID 125620160007	1719512
22.04.2022	1_Planskildring Holme	1727627
22.04.2022	2_Plankart Holme	1727628
22.04.2022	3_Føresegner Holme	1727629
22.04.2022	4_Illustrasjonsplan Holme	1727630
25.04.2022	5_ROS-analyse Holme	1727631
22.04.2022	6_Merknadsskjema Holme	1727632
25.04.2022	7_Merknader samla Holme	1727633
22.04.2022	8_Plan og profil tegning C01 Holme	1727634
22.04.2022	9_Plan og profiltegning D01 Holme	1727635
22.04.2022	10_Tverrprofiler Holme	1727636
25.04.2022	11_VA Rammeplan Holme	1727637
25.04.2022	12_VA plan med kart Holme	1727638
25.04.2022	13_Overvannsberegning utbygd situasjon Holme	1727639
25.04.2022	14_Overvannsberegning dagens situasjon Holme	1727640
25.04.2022	15_Vann kummer Holme	1727641

Arkiv:

<arkivID><jplID> FE-140, FA-D11

JournalpostID:

Sakshandsamar:

Dato:

12.05.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
026/22	Eldreråd	30.05.2022
025/22	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	30.05.2022
023/22	Ungdomsråd	30.05.2022
	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	
	Alver kommunestyre	

Rullering - Anleggsstrategi for Alver kommune - 2020-2024

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Alver kommunestyre godkjenner rulleringa av Anleggsstrategien, slik den ligg føre i saka.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i ungdomsråd, eldreråd, råd for menneske med nedsett funksjonsevne.

Saka skal til innstilling i utval for oppvekst, kunnskap og kultur.

Saka skal avgjerast i kommunestyret.

Bakgrunn

Alver kommunestyre godkjente i KS-045/19 Anleggsstrategi for Alver 2020-2024. Anleggsstrategien er utarbeidd som del av bygginga av nye Alver kommune. Arbeidet har vore organisert som eit fagprosjekt med administrativ styring, og er ei samordning og vidareføring av idrettsplanane for dei tre gamle kommunane. Strategien gjeld fram til ny kommunedelplan for feltet er ferdig handsama.

Saksopplysningar

Rulleringa er ei oppdatering etter faktisk tilhøve gjeldande anleggsutviklinga og forventta spelemiddelsøknadar fram til 2024. Tiltaka i handlingsplanen er forankra i dei gamle idrettsplanane i dei tre tidlegare kommunane, samt mindre oppdateringar i arbeidet med anleggsstrategien. Gjennomførte tiltak, som har fått utbetalt spelemidlar, er teke ut av handlingsplanen. Alver idrettsråd har fått rulleringa til uttale, jf. Samarbeidsavtalen.

Uttale Idrettsrådet

1. Alver Idrettsråd har ikkje merknader til prioritering av anlegg i rullering av anleggsstrategien for 2022.
2. Alver idrettsråd har merka seg innspelet frå Nordhordland Karateklubb. Dei har både tidlegare og no uttrykt ønskje om tomt for å kunna byggja sjølv. Idrettsrådet har i sak 4 i møte 10.02.21 uttalt at dei gjerne tar del i drøftingar for å finna best mogeleg løysing for alle partar. Utarbeiding av ny idrettsplan, som er under arbeid, vil vera rette staden å føra desse drøftingane.

Vedtak: Alver idrettsråd sluttar seg samrøystes til framlegg til vedtak

Vurdering

Alver kommune si prioritering for ordinære anlegg og friluftslivsplanlegg:

Pri	Anlegg	Stad	Tiltaks-havar	Søknads-sum	1. søknads-år	Merknad
1	Fotballhall	Fossemyra Idrettspark, Frekhaug	IL Kvernbit	5 000 000	2020	Ferdigstilt
2	Lager	Fossemyra Idrettspark, Frekhaug	IL Kvernbit	1 000 000	2020	Ferdigstilt
3	Rehabilitering av grasbane	Hordabø	Hordabø IL	135 000	2020	Ferdigstilt
4	Hus for drift og materiell	Hordabø	Hordabø IL	848 000	2020	Ferdigstilt
5	Skyttarhus	Stokkedalen	Radøy skyttarlag	1 705 000	2020	Planlegging
6	Kunstgrasbane I, rehabilitering og lysanlegg	Fossemyra Idrettspark, Frekhaug	IL Kvernbit	2 360 000	2020	Ferdigstilt
7	Knarvik Arena – fleirbrukshall	Knarvik	Alver kommune	12 400 000	2018	Ferdigstilt/delutbetalt (rest pr. 2022: kr. 2 824 000)
8	Lyssett turveg	Manger	Alver kommune	1 700 000	2020	Ferdigstilt
9	Standplass	Lindås	Lindås skyttarlag	1 053 000	2021	Under bygging
10	Kunstgrasbane 9'ar	Leirdalen	Nordre Holsnøy IL	669 000	2021	Ferdigstilt
11	Basishall/turn	Alversund	Alver kommune	4 000 000	2020	Ferdigstilt
12	Fleirbrukshall	Alversund	Alver kommune	10 500 000	2020	Ferdigstilt
13	Rehabilitering basseng og bygningsmasse	Radøyhallen	Alver kommune	283 000	2020	Ferdigstilt
14	Buldreanlegg	Knarvik Arena	Alver kommune	300 000	2020	Ferdigstilt
15	Orienteringskart	Baståsen sør	Gular orientering	160 000	2021	Planlegging
16	Rehabilitering kunstgrasbane 11'ar + lysanlegg	Fossemyra Idrettspark, Frekhaug	IL Kvernbit	1 700 000	2022	Under bygging
17	Turpadling brygge	Vikebø	Alver kommune	60 000	2020	Ferdigstilt
18	Fleiraktivitetssal/ motorikkhall	Sagstad skule	Alver kommune	1 049 000	2020	Ferdigstilt
19	Dagsturhytte	Eldsfjellet	Alver kommune	390 000	2021	Ferdigstilt
20	Dagsturhytte	Byngja	Alver kommune	390 000	2021	Ferdigstilt
21	Dagsturhytte	Vardefjellet	Alver kommune	390 000	2021	Ferdigstilt
22	Trapbane med standplass	Stokkedalen	Nordhord-land jakt- og fiskelag	675 000	2022	Påbegynt
23	Rehabilitering kunstgrasbane 11'ar	Knarvik stadion	Alver kommune	1 000 000	2022	Ferdigstilt
24	Gapahuk	Io	BOF	126 000	2022	Planlegging
25	Gapahuk	Vallevika	BOF	93 000	2022	Planlegging
26	Gapahuk Rehabilitering kunstgrasbane 11'ar + lys	Uttoska Ostereidet	Alver kommune	126 000	2022 2023	Planlegging Planlegging

	Rehabilitering kunstgras 7'ar	Knarvik	Alver kommune		2023	Planlegging
	Trimrom	Knarvik stadion	FIL AKS-77		2023-2024	Ferdigstilt
	Orienteringskart	Erstad-fjellet	IL Alvidra		2023-2024	Påbegynt
	Klubbhus	Lindås	Lindås skytterlag		2023-2024	Planlegging
	Garderobar/klubbhus	Grønålen, Manger	Manger IL		2023-2024	Planlegging
	Fleirbruksanlegg/hall	Ostereidet	Alver kommune		2023-2024	Planlegging
	Lyssett turveg	Fosse/Langeland	Alver kommune		2023-2024	Planlegging
	Tursti, tilrettelegging	Solend	Alver kommune		2023-2024	Planlegging
	Lyssett turløype	Håøy	BOF		2023-2024	Planlegging
	Sti	Håøy	BOF		2023-2024	Planlegging
	Dagsturhytte	Håøy	BOF		2023-2024	Planlegging
	Gapahuk	Håøy	BOF		2023-2024	Planlegging
	Turpadleanlegg	Håøy	BOF		2023-2024	Planlegging
	Andre friluftsanlegg	Samordna	Alver kommune		2023-2024	Planlegging
	Sti	Eldsfjellet	Alver kommune		2023-2024	Planlegging
	Turløype	Byngja	Alver kommune		2023-2024	Planlegging
	Fleirbruksanlegg	Kvernhusvika	Alver kommune		2023-2024	Planlegging
	Fleirbruksanlegg	Litlevågen	Alver kommune		2023-2024	Planlegging
	Turkart/kort padling	Lindås	Alver kommune		2023-2024	Planlegging
	Turkart/kort padling	Hestdal	Alver kommune		2023-2024	Planlegging
	Merking	Leirvik	Alver kommune		2023-2024	Planlegging
	Sjøsportsanlegg	Flatøy	Alver kommune		2023-2024	Planlegging
	Skytebane innandørs	Espetveit	Meland skytterlag		2023-2024	Planlegging
	Turkart/aktivitetskart	Frekhaug	Alver kommune		2023-2024	Planlegging
	Fleirbrukshall/basishall	Fossemyra Idrettsanlegg, Frekhaug	IL Kvernbit/Meland aktiv		2023-2024	Planlegging
	Fleirbrukshall/basishall	Frekhaug	Alver kommune		2023-2024	Planlegging
	Symjebasseng, skule	Frekhaug	Alver kommune		2023-2024	Planlegging

	Permanent feltpistolanellegg	Stokkedalen	Radøy skyttarlag		2023-2024	Planlegging
	Klubbhus med treningsrom	Hordabø	Hordabø IL		2023-2024	Planlegging
	Symje/badeanellegg	Knarvik			2023-2024	Planlegging
	Sandvolleyballbaner	Fossemyra, Frekhaug	IL Kvernbit		2023-2024	Planlegging
	Kampsportanellegg/lokale	Knarvik	Nordhord-land karate-klubb		Langtidsplan	
	Mini skatepark	Grønålen, Manger	Manger IL		Langtidsplan	
	Rehabilitering kunstgrasbane I	Leirdalen	Alver kommune		Langtidsplan	
	Kunstgrasbane II	Leirdalen	Alver kommune		Langtidsplan	
	Løpebane utviding	Leirdalen	Alver kommune		Langtidsplan	
	Lyssett turveg	Vikebø/Skintveit	Alver kommune		Langtidsplan	
	Ulike anlegg	Fossemyra Idrettsanlegg	IL Kvernbit		Langtidsplan	
	Klatrehall	Hordabøhallen	Hordabø IL		Langtidsplan	
	Friidrettsanlegg, løpedekke 100-meter	Hordabø	Hordabø IL		Langtidsplan	
	Minianlegg for friidrett	Grønålen	Alver kommune		Langtidsplan	
	Vidareutvikling	Radøyhallen	Alver kommune		Langtidsplan	
	Lager knytt til fotballbane	Skogen Sletta	Radøy IL		Langtidsplan	
	Lager + innbytarbenker	Austmarka	Radøy IL		Langtidsplan	
	50 meter miniatyrbane med støydempa standplassbygg	Stokkedalen	Radøy skyttarlag		Langtidsplan	
	50 meter miniatyr viltmålbane	Stokkedalen	Radøy skyttarlag		Langtidsplan	
	Permanent løype for jaktfeltskyting med fleksible standplassar	Stokkedalen	Radøy skyttarlag		Langtidsplan	
	Viltmå/elgbane med støydempa standplassar	Stokkedalen	Radøy skyttarlag		Langtidsplan	
	3'ar-bane fotball	Hordabø idrettspark	Hordabø IL		Langtidsplan	
	Gapahuk	Hordabø	Hordabø IL		Langtidsplan	
	Lyssett turveg	Lindås	Alver kommune		Langtidsplan	
	Turpadleanlegg	Lindås	Alver kommune		Langtidsplan	
	Lyssett turveg	Seim	Alver kommune		Langtids-	

	Lyssett turveg	Alversund	Alver kommune		plan Langtids- plan	
	Lyssett turveg	Ostereidet	Alver kommune		Langtids- plan	
	Symjebasseng	Alversund	Alver kommune		Langtids- plan	
	Rehabilitering friidrettsbane	Knarvik	Alver kommune		Langtids- plan	
	Idrettshus Knarvik	Knarvik	Alver kommune		Langtids- plan	
	Kunstgrasbane III	Knarvik	Alver kommune		Langtids- plan	
	Kunstgrasbane	Alversund	Alver kommune		Langtids- plan	
	Kasteanlegg	Knarvik	Alver kommune		Langtids- plan	
	Ishall	Knarvik	Alver kommune		Langtids- plan	

Følgjande er Alver kommune si prioritering for nærmiljøanlegg:

Pri.	Anlegg	Stad	Tiltaks-havar	Søknads- sum	1.søknads- år	Merknad
1	Minibane kunstgras og lys	Grønålen, Manger	Manger IL	454 000	2021	Ferdigstilt
2	BMX-bane/ pumptrack	Grønålen, Manger	Manger IL	249 000	2021	Ferdigstilt
3	Buldrestein	Grønålen, Manger	Manger IL	167 000	2021	Ferdigstilt
4	Utandørs treningsapparat, nord	Grønålen, Manger	Manger IL	75 000	2021	Ferdigstilt
5	Baderampe	Nesvatnet	Alver kommune	53 000	2021	Ferdigstilt
6	Utandørs treningsapparat, sør	Grønålen, Manger	Alver kommune	171 000	2021	Ferdigstilt
7	Aktivitetspark	Sæbø skule	Alver kommune	300 000	2021	Ferdigstilt
8	Aktivitetspark	Manger skule	Alver kommune	279 000	2021	Ferdigstilt
9	Ballbinge I	Mjåtveitmarka	Mjåtveitmarka velforeining	266 000	2022	Under bygging
10	Ballbinge II	Mjåtveitmarka	Mjåtveitmarka velforeining	176 000	2022	Under bygging
11	Ballbinge	Fløsvika	Fløsvika ve og vel	300 000	2022	Under bygging
	Rehabilitering ballbinge	Hella	Hella velforeining		2023-2024	Planlegg- ing
	Rehabilitering ballbinge	Heiane	Heiane velforeining		2023-2024	Planlegg- ing
	Padeltennisbane	Fløsvika	Fløsvika ve og vel		2023-2024	Planlegg- ing
	Lysanlegg	Fløsvika	Fløsvika ve og vel		2023-2024	Planlegg- ing
	Pumptrack	Fløsvika	Fløsvika		2023-2024	Planlegg-

	Buldrestein	Fløsvika	ve og vel Fløsvika ve og vel		2023-2024	ing Planlegg- ing
	Ballbinge	Toska			2023-2024	Planlegg- ing
	BMX-bane	Hordabø			2023-2024	Planlegg- ing
	Rehabilitering ballbane	Kvamsvågen			2023-2024	Planlegg- ing
	Ballbinge	Hindenes			2023-2024	Planlegg- ing
	Friluftsanlegg	Samordna	Alver kommune		2023-2024	Planlegg- ing
	Aktivitetssanlegg nærsentra	Samordna	Alver kommune		2023-2024	Planlegg- ing
	Uteområde skule og nærmiljø	Samordna	Alver kommune		2023-2024	Planlegg- ing
	Aktivitetsområde	Knarvik ungdomsskule	Alver kommune		2023-2024	Påbegynt
	Rehabilitering ballbaner/ball- binger	Samordna	Alver kommune		2023-2024	Planlegg- ing
	Turløype	Varnappen	Alver kommune		2023-2024	Planlegg- ing
	Rehabilitering volleyballbane	Nesvatnet	Alver kommune		Langtids- plan	
	Aktivitetsflate	Fossemyra, Frekhaug	IL Kvernbit		Langtids- plan	
	Sandvolleyball- bane	Austmarka	Radøy IL		Langtids- plan	
	Sandvolleyball- bane	Hordabø idrettspark	Hordabø IL		Langtids- plan	
	Klatre- /aktivitetspark	Hordabø idrettspark	Hordabø IL		Langtids- plan	
	Pumptrack	Hordabø idrettspark	Hordabø IL		Langtids- plan	
	Utandørs treningsapparat	Hordabø idrettspark	Hordabø IL		Langtids- plan	
	Diskgolfbane	Hordabø	Hordabø IL		Langtids- plan	
	Nærmiljøanlegg, ulike	Hope			Langtids- plan	
	Trekanten sykkelløype	Lindås			Langtids- plan	
	Vassuttak	Lindås			Langtids- plan	
	Klatreanlegg	Rydland			Langtids- plan	
	Diskgolfbane	Manger			Langtids- plan	
	Aktivitetspark	Knarvik			Langtids- plan	

Oppsummering innspel rullering av anleggsstrategi 2020-2024

Frå	Innspel	Kommentar
Nordhordland karateklubb	Ønske om	Same ønskje vart også spelt inn

	kampsportanlegg/lokale i Knarvik.	ved førre års rullering, og vart då tatt inn i oversikta under ordinære anlegg, langtidsplan, fordi det pr. no ikkje er nokre konkrete planar om eit slikt bygg. Denne rulleringa tek i utgangspunktet berre før seg å oppdatere etter faktiske tilhøve gjeldande anleggsutviklinga og forventa spelemiddelsøknadar fram mot 2024. Nordhordland karateklubb har tidlegare blitt oppmoda om at deira ønskjer og planar vil vere naturleg å ta opp i samband med utarbeidinga av ny idrettsplan for Alver kommune.
Hordabø IL	Utvikling av Hordabø idrettspark: 1)Sandvolleyballbane 2)Klarepark og leikeapparat 3)Pumptrack-bane for sykkel, skateboard og rulleskøyter. 4)Utandørs treningsapparat. 5)3'ar-bane, fotball 6)Frisbeegolfbane 7)Løpedekke, 100m 8) Gaphauk og grill-/raste plass 9)Klubbhus med treningsrom	1.-8. er tatt inn i oversikta. 9. er allereie meldt inn tidlegare.
Radøy IL	Tiltak knytt til kunstgrasbana i Austmarka: 1)Reiskapshus/garasje + innbytarbenkar 2)Sandvolleyballbane	Tatt inn i oversikta.

Tildelte spelemidler til anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv i Alver kommune

Ordinære anlegg 2021

Søkjjar	Søknad	Tildelt
Meland golfklubb	Driving range, oppgradering, takoverbygg med øvingsområde	Kr. 700 000
Seim skyttarlag	15 meter miniatyrbane	Kr. 1 800 000
Radøy IL	Garderobebygg	Kr. 1 827 000
Radøy skyttarlag	Skytebane Stokkedalen	Kr. 765 000
Alver kommune	Knarvik Arena	Kr. 4 800 000 (delutbetaling) Kr. 9 892 000

Nærmiljøanlegg 2021

Søkjjar	Søknad	Tildelt
Alver kommune	Alversund skule, sykkelbane	Kr. 300 000
Alver kommune	Alversund skule, bordtennisbord	Kr. 45 000
Alver kommune	Sæbø skule, ballbinge	Kr. 110 000
Alver kommune	Austebygd skule, aktivitetsområde	Kr. 300 000
Alver kommune	Leiknes skule, hinderbane	Kr. 300 000

Alver kommune	Leiknes skule, pumptrack	Kr. 300 000
Alver kommune	Eikanger skule, fleiraktivitetsområde	Kr. 247 000
Alver kommune	Alversund skule, basketballbane	Kr. 266 000
		Kr. 1 868 000

Ordinære anlegg 2020

Søkjjar	Søknad	Tildelt
Nordhordland pistolklubb	Skytebane Stokkedalen, Pistol feltanlegg	Kr. 690 000
Alver kommune	Radøyhallen fleirbrukshall, rehabilitering	Kr. 1 308 000
Alver kommune	Nesvatnet nærmiljøanlegg, toalett	Kr. 149 000
Alver kommune	Nordhordlandshallen, fotballhall	Kr. 600 000
Alver kommune	Knarvik Arena, klatrehall	Kr. 3 000 000
Alver kommune	Nordhordlandshallen, delanlegg friidrett	Kr. 276 000
Alver kommune	Knarvik Arena	Kr. 2 000 000 + kr. 2 776 000, delutbetaling i to omgangar (juni/november 2020) kr. 10 799 000

Nærmiljøanlegg 2020

Søkjjar	Søknad	Tildelt
Alver kommune	Knarvik barneskule, streetbasket	Kr. 289 000
Alver kommune	Knarvik barneskule, skating og sykling	Kr. 300 000
Alver kommune	Knarvik barneskule, lysanlegg skate- og sykkelområde	Kr. 53 000
Alver kommune	Knarvik barneskule, lysanlegg nærmiljø vestsida	Kr. 300 000
Alver kommune	Frekhaug torg, aktivitetsområde	Kr. 300 000
Alver kommune	Meieriparken	Kr. 266 000
Alver kommune	Sagstad skule, parkour/klatring/trimpark	Kr. 89 000
Alver kommune	Sagstad skule, fleirbruksanlegg	Kr. 241 000
Alver kommune	Alversund, minibane multisport	Kr. 300 000
Alver kommune	Alversund skule, tursti	Kr. 600 000
		Kr. 2 738 000

Arkiv: <arkivID><jplID> FA-C00
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 04.05.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	
025/22	Eldreråd	30.05.2022
022/22	Ungdomsråd	30.05.2022
026/22	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	30.05.2022

Kulturprosjekt - våren 2022

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av midlar til kulturprosjekt våren 2022 slik det kjem fram av saka.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for oppvekst, kunnskap og kultur

Bakgrunn

Saka gjeld tildeling av midlar til kulturprosjekt med søknadsfrist 24. april. Det er sett av kr 56.500.

Alver kommunestyre vedtok i møte 16.09.2021 sak 098/21 Kommunale tilskotsordningar kultur og idrett - revidering av retningsliner. Retningsline omfattar fleire ulike tilskotsordningar innan kultur- og idrett.

Tilskot til kulturprosjekt vert delt ut to gongar i året. I retningslina heiter det at ordninga skal støtte prosjekt innan kulturfeltet, opne arrangement og innkjøp av utstyr. Tilskot er behovsprøvd og kan gjevast direkte tilskot eller som underskotsgaranti. Underskotsgaranti til arrangement skal søkjast i forkant, og kan ikkje gå til arrangement som er budsjettert i underskot. Ordninga skal støtte prosjekt innan kulturfeltet, opne arrangement og innkjøp av utstyr.

Ordninga hadde ordinær søknadsfrist 15.04.22, men vart utsett til 24. april grunna påskeferie.

Den totale ramma for kultur vart redusert med ein million kroner i kommunestyret 16.12.21 sak 164/21 - Økonomiplan 2022-2025. Som følgje av kuttet vart tilskotsordninga redusert frå kr 7.700.000 i 2021 til kr 6.700.000 i 2022, ein reduksjon på 1 million kroner. Barn og unge har så langt som mogeleg blitt skjerma.

Saksopplysningar:

Det er søkt om totalt kr 909.019 til 30 ulike prosjekt. I gjennomsnitt vert det søkt ca kr 30.300 pr prosjekt. Med kr 56.500 til disposisjon, vert prosjekt underlagt ein sær s streng vurdering.

Av 30 søknadar er 13 søknader innstilt til kulturmidlar. 17 søknadar har fått avslag. Kommunedirektøren har prioritert lag som ikkje fekk prosjekttilskot i sak 009/22 – «Kulturprosjekt – 1. tildeling», i møte i OKK 08.02.22. Det gjeld både Musikkens Venner som fekk underskotsgaranti kr 6.000 og AmCar Nordhordland (kr 5.000).

Musikkens Venner har bede om å få utløyst underskotsgarantien.

Det er ønskeleg at så mange lag som mogeleg skal få ta del i midlar til kulturprosjekt.

Alver kulturråd har fått saka om «Kulturprosjekt – våren 2022» til høyring 10. mai. I deira uttale datert 19. mai heiter det;

Alver kulturråd vil minne om at året 2022 er Frivilligheita sitt år i Noreg.

Alver kulturråd har ein samarbeidsavtale med politisk og administrativ leiing i Alver kommune, underskriven 18 aug 2020. I pkt. 2 i denne avtalen er det eit mål at «avtalen skal vere med å sikre god ressursutnytting av offentlege midlar til kulturfeltet».

Alver Kulturråd meiner den små ramma av midlar for kulturprosjekt vår 2022 er ein tydeleg konsekvens av at kulturbudsjettet vart kutta med 1 mill. kroner i desember 2021. Frivillige lag og organisasjonar brukar mykje tid og krefter på søknadar til ymse kulturformål og med ei så lita ramme av midlar for fordeling meiner Alver kulturråd at kulturadministrasjon og den politiske leiinga bør vurdere om denne tilskotsordninga bør fortsetja i si nåverande form.

Søkjjar	Tiltak og vurdering	Kostnad	Søknadssum	Tilskot	Vurdering
Meland jazzkafe	Meland jazzkafe skal saman med Senter- kontoret arrangere "Den lille storband festival". Det blir ein konsert på dagtid og to på kveldstid.	65000	25000	4000	Meland jazzkafe har i mange år vore møteplass for jazzmusikk i Alver. Jazz-kafeen gjev tilbod om musikkjanger som er lite utbreiddt i kommunen.
Senioruniversitetet	Professor Terje Aarset: "Ivar Aasen som lyrikar og komponist – om samlinga Symra (1863)	7000	5000	1500	Arrangementet blir ein del av nynorskdagane. Arrangementet er med på å auke kunnskap om nynorsk
Alversund mållag	Arrangement i nynorskdagane	50000	20000	0	Søknad er datert 27.04.2022 og levert for seint.
Radøy Brass	Radøy Brass fyller 40 år og har bestilt eit verk av Torstein Aagaard-Nilsen til markeringa	150000	100000	5000	Grunna avgrensa midlar er det ikkje mogeleg å prioritere dette tiltak høgare
Ungdomslaget	Laget bruker mykje lyd/lys til sine aktivitetar. Det er behov for v.g. kurs i lyd/lystekn. for frivillige	24000	12000	5000	Ulike ungdomstiltak i laget bruker lyd/lysanlegg.
Ungdomslaget	Kjøpe bord til ulike arrangement på ungdomshuset	40000	10000	0	Innafor dagens ramme for tilskot er det ikkje mogeleg å prioritere prosjektet. Avslag
Amcar Nordhordland	Kjøpe verktøy og delar til 1994 Dodge Lebaron. Ungdomsprosjekt	10000	3000	0	Laget fekk kr 5.000 i prosjektstøtte i febr 2022 - sak 009/22 Avslag
Ullveka	Utvikle programheftet til å innehalde oppskrifter, aktuelle ullsaker mm. Målet er å kommunisere endå breiare	70000	10000	0	Utfra gjeldande ramme for tilskot er det ikkje mogeleg å prioritere prosjektet. Avslag

Kløyheim	Laget har mange arrangement i løpet	30000	15000	5000	Kløyheim Ungdomslag har over fleire
ungdomslag	av året (ca 210) og har behov for nytt				år jobba planmessig med å opp-
	lydanlegg				gradere anlegget sitt. Ein reknar med å vere i mål om nokre få år.
Alversund	Alversund musikklag er 120 år. Diverse	75500	40000	5000	120 års jubileum. Innafor dagens
musikklag	konsertar i bygda samt jubileums-konsert i oktober				ramme er det ikkje mogeleg å støtte prosjektet med eit større beløp
Eikanger kultur	Forprosjekt: Utreie moglege tilbud om gjesteatelier på eigna	90000	70000	0	Dette vil ein sjå på i samband med Alver kommune sin kulturplan
	lokalitetar for kunstnarar. Bjørsvik er				
	ein aktuell stad				
Kløyheim	Pensjonistkino vart etablert i	31760	10760	3000	Eit nytt tiltak som starta våren 2022.
ungdomslag	2022. Tilbodet er meint å vere				
	eit sosialt møtetreff for pensjonistar med eit utvida tilbud kring framsyningane.				
	Det er planlagt 7 framsyningar i 2022.				
Eikanger kultur	Historisk spel om Herman i Vikje	304000	50000	5000	Prosjektet er utsett til sommaren
	som døde i 1957. Det vert både				2023. Manuset er ferdig og ein del
	amatørar og prof. skodespelarar med. Spelet skal spelast på husmannsplassen på Vikje				utgifter er allereie påført. Dei treng midlar til å dekke manusforfattar
Laget Vonheim Marøy	Skifte kledning samt montere vindspærre og betre isolasjon, Nye takrenner	35000	20000	5000	Nødvendig vedlikehaldsarbeid
Oster Brass	NM vart avlyst i 2021. Oster brass	15275	9925	0	Grunna avgrensa midlar er ikkje prosjektet prioritert. Avslag
	har i staden arrangert 2 konsertar vinter/vår 21/22				
Meland mållag	Arrangera ein familiekonsert med	92000	30000	5000	Familiearrangement. Auke kunnskap
	barnesongar basert på arbeidet til Linda Røyseth Sandhåland og Kjersti				om lokale musikktradisjonar
	Wiik (innsamling og formidling)				
Musikkens venner Nordhordland	Musikkens Venner feirer 40 årsjubileum med konsert i Knarvik kyrkje. Aktørar	10000	10000	0	Innvilga kr 6.000 i prosjekt støtte i februar - sak 009/22
	med lokal forankring deltar. Elevar i				(underskotsgaranti som dei har nytta seg av). Avslag
	kulturskolen har gratis adgang.				
Musikkens venner	Søkjjer underskotsgaranti. Musikkens Venner feirer 40 årsjubileum	119000	40000	0	Innvilga kr 6.000 i prosjekt

Nordhordland	med konsert i Knarvik kyrkje. Aktørar				støtte i februar - sak 009/22
	med lokal forankring deltar. Elevar i				(underskotsgaranti som de har
	kulturskolen har gratis adgang.				nytta seg av) Avslag
Vestnorsk filmsenter, Bergen	Ønsker å arrangere opne, gratis ferie- verkstad for unge mellom 16 og 20 år	150000	110000	0	Innafor dagens ramme fell dette prosjekt utsnfor realistisk
	som er interessert i å lære noko av				beløp.
	kunsten bak spelutvikling og kortfilm- produksjon				
Fløksand grendalag	Fotokonkurranse - MITT FLØKSAND	18000	10000	0	Innvilga kr 5.000 i prosjekt-
	I anledning 20 års jubileum er det planlagt fotokonkurranse. Bildene skal visast på				tilskot i febr - sak 009/22
	galleri Rustica i sept.				
Ullveka	Ullveka vil styrkje nettverksbygging og	54000	54000	5000	Utvikle Ullveka. Pga avgrensa
	festivalkjensle og vil arr. kurs, work-				midlar det ikkje mogeleg å støtte
	shops og foredrag første helga i ullveka. Søkjær underskotsgaranti				prosjektet med større beløp
Musikkens venner	Laget samarbeider med Grieg-konkurransen	11000	6000	0	Innvilga kr 6.000 i prosjekt
Nordhordland	og får besøk av unge musikarar av høg kvalitet. Kulturskule-				støtte i februar - sak 009/22 (underskotsgaranti som de har
	elevar har gratis adgang.				nytta seg av)
Musikkens Venner Nordhordland	Konsert med May Britt Andersen i samband med Knarvikmila Søkjær underskotsgaranti	10000	10000	0	Innvilga kr 6.000 i prosjekt- støtte i februar - sak 009/22 (underskotsgaranti som dei har nytta seg av)
Musikkens Venner Nordhordland	Familiekonsert med May Britt Andersen	121650	41650	0	Innvilga kr 6.000 i prosjekt
	i samband med Knarvikmila				støtte i februar - sak 009/22 (underskotsgaranti som dei har nytta seg av)
Knarvik sokn	Kyrkjeklubben skal vere medarrangør	28000	12000	0	Aktørane er frå andre kommunar.
	av familiekonsert med Tveiterås ungdomskor, dansegruppa Korpus frå Gjøvik og Rune Larsen				Pga avgrensa midlar blir derfor ikkje prosjektet prioritert. Avslag.
Utvandringssenteret venner	Utvandingsfestival 2022 foredrag, festivalmesse og festkveld	70000	55000	3000	Grunna avgrensa midlar er det ikkje realistisk å støtte prosjektet med
	med utstilling, formidling, aktivitetar				større beløp
	kulturelle innslag mm. I anledning Frivilligåret 2022, skal ein ha fokus på alle frivillige som har jobba på				
	Utvandringssenteret dei siste 25 år.				
Sunniva Herland	"Bøkelyden" er ein konsertserie	340000	30000	0	Grunna avgrensa midlar får

	med				
Monstad	tre konsertar i bøkeskogen på Vollom. Sigrid Moldestad skal delta på ein konsert med 5-6 egne låtar i tillegg til				prosjektet avslag
	elevlar frå kulturskulen				
Skodvin skulemusikk	"Tørre å spele i lag" Eit prosjekt der dei unge aspirantane som berre har	74000	30000	5000	Barn og unge er prioritert.
	vore med eit år, skal tørre å vere med				
	å spele med dei litt eldre ungdommane Leige inn ekstra instruktør				
Hundvingrend	Har eit gammalt skap med leidningar der	45000	40000	0	Grunna avgrensa midlar får
indremisjon	all lyd og lys vert styrt frå. Ønsker å				prosjektet avslag
	investere i miksebord der barn/unge kan få opplæring i bruk av.				
Nordhordland song og musikkverkstad	Søklar om støtte til 2 prosjekt; 1.	97184	29684	0	Grunna avgrensa midlar får
	Sommarkonsert i Lygra kyrkje 19.06.				prosjektet avslag
	2. Julekonsert i Knarvik kyrkje 18.12. På begge arr. er det med prof musikarar og songkrefter. Unge songtalent får delta				
	samt kor				
	SUM TOTALT	2237369	909019	56500	

Vedlegg i saken:

20.05.2022

Alver Kulturråd - uttale kulturmidlar prosjekt 19 mai 2022

1742524

(2) (2)

Arkiv: <arkivID><jplD> FA-G0, TI-&85
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 18.05.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
022/22	Eldreråd	30.05.2022
027/22	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	30.05.2022
	Utval for helse og omsorg	
	Alver kommunestyre	

Etablering av helsefelleskap - overordna samarbeidsavtale og tenesteavtale 1

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Alver kommunestyre sluttar seg til framlegg til revidert Overordna samarbeidsavtale og Tenesteavtale 1 – overordna føringar for samarbeidsstruktur og samarbeidsformer i helsefelleskapet jamfør vedlegg.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i eldreråd og råd for menneske med nedsett funksjonsevne.

Saka skal til innstilling i utval for helse og omsorg.

Saka skal avgjerast i kommunestyret.

Bakgrunn

Kommunar og helseføretak skal inngå samarbeidsavtale jamfør [Lov om kommunale helse- og omsorgstenester m.m § 6-1](#) og Lov om spesialisthelsetenesta m.m. §2-1 e [Lov om spesialisthelsetenesta m.m. §2-1 e](#)

Avtalepartar er kommunane i Helse Bergen sitt føretaksområde, og Helse Bergen HF, Haraldsplass Diakonale Sykehus AS, NKS Olaviken alderspsykiatriske sykehus AS, Solli distriktpsykiatriske senter, Betanien sykehus AS og Voss Distriktpsykiatriske Senter NKS Bjørkeli.

Saksopplysninger:

Ein viser her til vedlegg i saka med omsyn til a) notat knytt til revisjonarbeidet samt b) sjølve avtaledokumentet.

Ved å inngå avtalen vert den lovpålagde plikta til å inngå samarbeidsavtale oppfylt.

Økonomi og administrasjon

Partane i helsefelleskapet dekkjer sjølv sine utgifter. Kostnader som partane er samde om skal finansierast i fellesskap, vert delt likt mellom kommunane og spesialisthelsetenesta. Den kommunale delen vert fordelt mellom kommunane etter folketal.

Vedlegg i saken:

18.05.2022	Etablering av helsefelleskap - Overordnet samarbeidsavtale og tenesteavtale 1	1740550
18.05.2022	Etablering av helsefelleskap – notat knytt til revisjon av Overordna samarbeidsavtale og Tenesteavtale 1.pdf	1740551
18.05.2022	Etablering av helsefelleskap - Overordnet	1740552

Arkiv: <arkivID><jplD> FA-F11, TI-&70
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 22.05.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Utval for helse og omsorg	
028/22	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	30.05.2022
023/22	Eldreråd	30.05.2022

Revisjon av retningslinjer for følgjebevis

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Utval for helse og omsorg vedtek framlegget til reviderte retningslinjer for følgjebevis. Aldersgrensa for tildeling av følgjebevis er 8 år. Unntak kan gjerast i særskilte tilfelle.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i eldreråd og råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Saka skal til avgjerast i utval for helse og omsorg

Bakgrunn

Saka gjeld revisjon av kommunen sine retningslinjer for følgjebevis, med særleg tanke på den nedre aldersgrensa for å få følgjebevis. Den nedre aldersgrensa er i dag normalt 8 år.

Saka er svar på første avsnitt i på HO- 020/22 Vedtak: Meldingar vert tatt til orientering med følgjande tillegg: HO-utvalet ønskjer sak om revidering av retningslinjene for følgjebevis, særleg med tanke på den nedre aldersgrensa, for eksempel til skulestart for barn.

Saka legg fram forslag til reviderte retningslinjer for følgjebevis. Forslaget til nye retningslinjer inneber primært ei redigering av teksten i noverande retningslinjer, med eit unnatak. Saka tek særskilt tek opp og drøfter spørsmålet om kommunen kan og bør redusere aldersgrensa for å få følgjebevis.

Saksopplysningar:

Formålet med følgjebevis

Formålet med følgjebevis er å gje funksjonshemma som treng følgjeperson moglegheit til å delta i offentlege kultur- og fritidsarrangement og nytte offentlege transportmiddel i Noreg. Følgjebevis gir den funksjonshemma sitt følgje gratis tilgang til aktivitetar, bygningar, transportmiddel og andre som har godkjent ordninga med følgjebevis. Med følgjebeviset slepp den funksjonshemma og betale for billetten til følgjepersonen, i tillegg til sin eigen. Følgjebeviset bidreg slik til å utjamne ein økonomisk ulikskap som funksjonshemma kan oppleve ved å måtte betale for nødvendige følgje, ein kostnad funksjonsfriske ikkje har. Den ekstra kostnaden for følgjepersonen kan gjere det vanskelegare for funksjonshemma å delta i kultur - og fritidsliv. Deltaking i kultur - og fritidsliv er viktig for å førebygge isolasjon og bidra til livskvalitet.

Verksemder som tek del i følgjebevisordninga

Døme på typiske verksemder som normalt godtar ordninga i og utanfor Alver kommune er ulike museum, idretts- og svømmehallar, kino, kollektivtransport, ulike kultur- og aktivitetshus, kulturtilbydarar, ulike aktivitetsparkar som leikeland, trampolinparkar etc.

Verksemder er ikkje pliktig etter lov å ta del i ordninga med følgjebevis. Det er frivillig for verksemder å slutte seg til ordninga. Det vart lagt til grunn for saka her at det for funksjonshemma som treng assistanse for å delta i kultur- og fritidsliv er ein føremon at så mange verksemder som muleg tek del i følgjebevisordninga.

Ordinga med følgjebevis har ikkje heimel i lov

Ordinga med følgjebevis har ikkje heimel i lov. Det betyr at innbyggjarane ikkje har ein lovheimla rett til følgjebevis. Kommunen har heller ikkje ein lovheimla plikt til å ha tilbod om følgjebevis. Kommunen vel sjølv om den vil vere med i ordninga om følgjebevis og ha tilbod om følgjebevis til innbyggjarane. Alver kommune er med i ordninga om følgjebevis, slik også dei tre tidlegare kommunane Lindås, Meland og Radøy var det.

Nasjonale og lokale retningslinjer for følgjebevis

Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (heretter Bufdir) har utforma rettleiande nasjonale retningslinjer for følgjebevis. Alver kommune sine retningslinjer for følgjebevis er basert på Bufdir sine rettleiande nasjonale retningslinjer og har ikkje andre krav for å få følgjebevis enn dei nasjonale retningslinjene. Alver sine retningslinjer skil seg frå dei nasjonal ved at dei nokon stader har utdjupande forklaringar til kva dei ulike reglane betyr. Alver sine retningslinjer er skrevet i ein samanhengande tekst, utan overskrifter.

Vilkår for å få følgjebevis

Vilkår for å få følgjebevis i Alver kommune er at søkjar:

- Har ei funksjonshemming som varer minst 2-3 år.
- Har behov for ein følgjeperson for å kunne delta på arrangement etc.
- Er normalt fylt 8 år

Det vert understreka her at det ikkje skal skje ei behovsprøving ved tildeling av følgjebevis. Det er med andre ord ikkje eit krav til faktisk deltaking på aktivitetar/arrangement for å få følgjebevis. Ein kan ha rett på følgjebevis, samt fornying av det, sjølv om ein ikkje faktisk nyttar det. Slik retningslinje er utforma ligg det ein presumsjon for at funksjonsfriske barn frå 8 års alder ville kunne ta del på kultur- og fritidsaktivitetar utan følgjeperson. Difor skal barn med funksjonsnedsetting få følgjebevis frå fylte 8 år, når også dei andre vilkåra er oppfylt. Slik er også retningslinjene praktisert i Alver kommune.

Det vert også understreka at følgjebeviset ikkje vert gitt for bruk på bestemte aktivitetar eller arrangement, men kan nyttast hjå alle verksemder som godtek følgjekortordninga. Kortinnehavar vel sjølv om, når og kvar hen vil nytte følgjebeviset. Ved handsaming av søknader er det difor ikkje spørsmål om kvar søkjar skal nytte følgjebeviset. Det skal ikkje vere ei faktisk behovsprøving. Dersom søkjar fell innanfor målgruppa for ordninga i forhold til alder, varig funksjonshemming og behov for følgje/assistanse vert følgjebevis tildelt.

Nærmare om den nedre aldersgrense på 8 år

I den nasjonale retningslinja pkt. 4 står det at «Nedre aldersgrense for søkarar er normalt 8 år.» Aldersgrensa på 8 år er rettleiande, og ikkje absolutt. Jamfør at det står at minste alder for å få følgjekort er «normalt» 8 år.

Grunngevinga for alderskravet er at funksjonsfriske barn frå 8 års alder normalt vil kunne delta på aktivitetar/arrangement utan vaksen følgjeperson, medan barn med funksjonshemming framleis vil vere i behov for følgjeperson. Målgruppa for følgjebevis er med andre ord personar som, utan funksjonsnedsetting, kunne ha delteke på kultur- og fritidsarrangement på eiga hand.

Høve til å ha lokalt avvikande retningslinjer

Bufdir gir på si heimeside informasjon til kommunar som ønskjer å innføre ordninga med følgjebevis. Der går det fram:

- Kommunen vel sjølv om den vil følgje dei nasjonale retningslinjene fullt ut. Nokre kommunar har

avvikande regler på enkelte punkt.

- Fleire kommunar har til dømes valt å ha ei anna nedre aldersgrense enn 8 år, basert på vurdering av lokale tilhøve
- Det er viktig at kommunen tenker over at følgjebeviset kan nyttast over heile landet, ikkje berre i bustadkommunen. Kommunen bør difor ta formålet med ordninga i betraktning før den utformar egne lokale reglar.

Søknader om følgjebevis i Alver

Tal frå fagsystemet Visma omsorg Profil syner at Alver kommunen i perioden 01.01.20- 16.05.22 har:

- Innvilga 102 søknader om følgjebevis:
 - Av disse søknadene gjaldt 59 saker barn/ungdom under 18 år
 - Av disse søknadene gjaldt 43 saker voksne over 18 år.
- Avslått 10 søknader om følgjebevis:
 - Av disse søknadene er 5 avslått fordi alderskravet ikkje var oppfylt. Søkarane var 6 år og yngre.
 - Eitt av avslaga er påklaga til kommunal klagenemnd, som tok klagen til følgje.

Aldersgrensa for følgjebevis i andre kommunar (frå tidlegare Hordaland fylke):

- 8 år som nedre aldersgrense i følgjande kommunar:
 - Bergen kommune
 - Austrheim kommune
 - Masfjorden kommune
 - Modalen kommune
 - Osterøy kommune
 - Askøy kommune
 - Øygarden kommune
 - Vaksdal kommune
 - Eidfjord kommune
 - Ulvik kommune
 - Tysnes kommune
 - Austevoll kommune
 - Fedje kommune
 - Samnanger kommune
 - Sveio kommune
- Ikkje nedre aldersgrense:
 - Kvinnherad kommune

Vurdering:

Høve til å ha lokale retningslinjer for følgjebevis

Det er ikkje tvilsamt at kommunen kan fastsette egne lokale retningslinjer. Alver kan ha egne retningslinjer med utfyllande forklaringar til reglane, men kan med fordel nytte same inndeling/struktur som dei nasjonale retningslinjene så langt det passer. Vedlagt er framlegg til reviderte retningslinjer basert på struktur og inndeling som den nasjonale, med noko utfyllande forklaring.

I kravet til minste alder på «normalt 8 år» kan vi som eit utgangspunkt innfortolke at alderskravet kan endrast.

Dersom alderskravet skulle vore heva ut over 8 år så måtte det i så fall vere basert på ein generell presumsjon om at funksjonsfriske barn på 8 år ikkje kan delta aleine på kultur - og fritidsarrangement, noko Bufdir sine nasjonale retningslinjer ikkje gir særleg haldepunkt for. Det føreligg ikkje kunnskap om at andre kommunar praktiserer ei aldersgrensa ut over 8 år. Bufdir sine retningslinjer stiller som sagt heller ikkje krav om og opnar dermed ikkje for ei faktisk behovsprøving for å få følgjebevis.

Høve til å avvike det nedre alderskravet

Det går klart fram av saksopplysningane over at kommunen har høve til å redusere aldersgrensa på 8 år for å få følgjebevis. Det er ingen rettslege skrankar, eller forbod om ein vil, mot for å ha aldersgrensa lågare enn 8 år.

Som vist over vert retningslinje forstått slik at ein kan senke alderskravet, slik utvalet for helse og omsorg ber om ei utgreiinga av. Då oppstår følgjande spørsmål:

- a. Bør alderskravet senkast generelt og kva er i så fall grunngevinga for det?
- b. Bør alderskravet fråvikast i enkeltsaker, og kva er i så fall grunngevinga for unntak?

Under vurderast både omsyn som kan tale for og som kan tale mot å redusere alderskravet, og dersom ein vil senke det, om dette bør gjerast generelt eller gjennom eit unntak.

Omsyn som kan tale for å redusere alderskravet

Saksopplysningane syner at Alver kommune har ein liten del søknader om følgjebevis for innbyggjarar som er under 8 år. Det er vanskeleg å utleie noko av talet på søknader, ut over å konstatere at det stundom vert etterspurt følgjebevis for personar under 8 år. All den tid alderskravet normalt er 8 år er det ikkje venteleg at det søkjast om følgjebevis for mange barn med funksjonshemming under 8 år. Det er difor vanskeleg å seie noko eksakt om behov/etterspurnad på bakgrunn av talet på søknader. Det har diverre ikkje vore høve til (tid) å gjere undersøkingar av behov hjå innbyggjarane for følgjebevis til personar under 8 år i samband med dette saksframlegget.

Det kan stundom vere slik at funksjonshemma barn under 8 år har behov for ein eigen dedikert følgjeperson, medan funksjonsfriske barn ikkje treng det, så lenge det er ein vaksen person til stades som passer på heile gruppa av barn. Eit relevant døme på dette kan vere selskap eller venebesøk til leikeland, kino og liknande. Alminnelege erfaringar tilseier at barn under 8 år tek del på gruppearrangement utan eigne føresette til stades så lenge det er ein eller fleire vaksne som har ansvar/overoppsyn. Funksjonshemma barn må gjerne på grunn av sine helseutfordringar ha ein eigen dedikert følgjeperson i slike samanhengar. Dersom det må løyast billett for å ta del, så vil eit følgjebevis kunne ha utjamna den økonomiske ulikskapen mellom funksjonsfriske og funksjonshemma barn i desse tilfella. Dette kan tale for at aldersgrensa for følgjebevis bør reduserast i desse sakene.

Omsyn som kan tale mot å redusere alderskravet

Når det gjeld spørsmålet om ein kan redusere aldersgrensa på 8 år uttaler Bufdir at fleire kommunar har «valt å ha ei anna nedre aldersgrense enn 8 år, basert på vurdering av lokale tilhøve.» Eit slikt lokal tilhøve kan vere aldersgrensa i nærliggande kommunar. Dersom nærliggande kommunar nyttar andre aldersgrenser, så kan dette tale for å endre aldersgrensa. Dette slik at kommunar lokalt nyttar same aldersgrense for følgjebevisa, og at det er likt.

I nærrområde til Alver(tidlegare Hordaland fylke) er det ingen kommunar som har andre nedre aldersgrenser enn 8 år. Ein kommune i Hardanger (Kvinnherad) har ingen nedre aldersgrenser. Eit klårt fleirtal av kommunar nyttar 8 år som aldersgrensa. Dette kan tale mot at Alver reduserer aldersgrensa:

- Følgjebeviset vert tildelt av heimstadkommunen, men skal kunne nyttast i heile landet. Bufdir skriv i sin informasjon til kommunane : «Det er viktig at kommunen tenker over at følgjebeviset kan nyttast over heile landet, ikkje berre i bustadkommunen.»
- Det kan vere enklare for verksemder og andre som er tilslutta ordninga om kommunane har tildelt følgjebevis på like vilkår i forhold til alderskravet, og at ein nyttar 8 år slik Bufdir tilrår. Enkelte verksemder som er del av følgjebevisordninga har verksemd i ulike kommunar. Omsynet til å ha ei lett praktikabel ordning både for kortinnehavarar og arrangørar/verksemder kan tale for at aldersgrensa bør vere 8 år.
- Det vil kunne vere enklare for kortinnehavarar om ein nyttar 8 år som aldersgrense, fordi ein då kan vere trygg på /lite på at følgjebeviset ein har fått i heimstadkommunen vert akseptert i andre kommunar. Dersom følgjebevis vert gitt barn under 8 år så kan kortinnehavar risikere at beviset

vert godteke nokre stader men ikkje andre, fordi arrangørar/verksemder er van med at aldersgrensa er 8 år. Jo større avvik kommunen gjer frå den nasjonalt tilrådde aldersgrensa, jo større vert denne risikoen.

For funksjonshemma som er avhengig av følgjeperson og assistanse for å kunne ta del i kultur -og fritidsarrangement, er det ein føremøn at ordninga har brei oppslutning. Ein føreseieleg tildelingspraksis hjå landets kommunar i forhold til alderskravet kan bidra til dette. Dette kan også tale også for å ikkje redusere aldersgrensa på 8 år.

Kor mykje kan/bør aldersgrensa reduserast dersom ein ønskjer ei slik løysing?

Dersom kommunen fjernar heilt eler reduserer aldersgrensa så mykje at ein tildeler følgjebevis til små barn som uansett funksjonshemming eller ikkje, openbert ikkje kunne dratt åleine på arrangement utan følgjepersonar og som difor klart fell utanfor målgruppa for den nasjonale følgjebevisordninga, så vil ein vesentleg endre formålet og grunngevinga med følgjebeviset.

Følgjebeviset vil då ikkje lenger ha som formål å utjamne den økonomiske ulikskapen som funksjonshemma kan oppleve vis a vis funksjonsfriske, ved at dei alltid må betale billetten til følgjepersonen, i tillegg til sin eigen.

Det kan vere vanskeleg å sjå at formålet då vil vere å legge til rette for likestilling av funksjonshemma med funksjonsfriske. I slike tilfelle er det gjerne ikkje lenger rett å snakke om ei «følgjebevisordning» i same tyding som den ordninga som er omtalt i Bufdir sine nasjonale retningslinjer. Dette då formålet vil vere eit anna enn i dei nasjonale retningslinjene.

Dersom aldersgrensa reduserast så mykje eller fjernast heilt slik at målgruppa for ordninga blir heilt endra, så må formålet med den nye ordninga klargjerast. Dette då det er viktig for rett forståing av og bruk av lokale retningslinjer for innbyggjarar, arrangørar/verksemder som er del av ordninga, og dei som skal forvalte ordninga.

Kommunedirektøren si tilråding:

Formålet med følgjebeviset er å gje funksjonshemma barn som treng assistanse moglegheit til å ta del på aktivitetar, gå på kino og liknande på like økonomiske vilkår som funksjonsfriske barn. Målgruppa for følgjebeviset er born som kunne ha delteke åleine utan følgje av vaksenperson på slike arrangement dersom dei hadde vore funksjonsfriske.

Omsynet til at kortinnehavar skal kunne nytte følgjekortet i andre kommunar og omsynet til at verksemder som er tilslutta ordninga har føreseielege vilkår taler for at Alver kommune opprettheld aldersgrensa på 8 år, slik dei aller fleste kommunar i området har gjort. Dette er også med å slutte opp om dei nasjonale tilrådingane for aldersgrensa. Ei nedre aldersgrense på 8 år bygger på ein presumsjon om at funksjonsfriske barn frå fylte 8 år vil kunne delta utan følgje på ulike kultur- og fritidsarrangement. Alminneleg erfaring tilseier at barn på 8 år likevel ofte vil ha følgje av vaksenperson til kino, svømmehall, idrettshall, museum, på buss og andre arrangement som godtek ordninga. Aldersgrensa på 8 år verkar difor ikkje å bygge på ein for streng presumsjon i utgangspunkt. Dette taler også for at Alver opprettheld den generelle aldersgrensa på 8 år.

Sjølv om retningslinjene opnar for reduksjon av alderskravet, så gir korkje dei nasjonale rettleiande reglane, eller Alver sine lokale retningslinjer, føringar for kva tid det kan høve å gjere unntak frå det nedre alderskravet. Sidan både dei nasjonale og lokale retningslinjene opnar for unntak, så bør det presiserast i kva tilhøve det kan være rett å gjere unntak. Som vist i saksopplysningane (under «Omsyn som kan tale for å redusere alderskravet») kan det vere tilfelle kor det kan vere sakleg grunn til unntak utan at formålet med ordninga vert satt til side.

Dersom ein skal gjere eit unntak i enkeltsaker, så bør det vere basert på ei konkret prøving av barnet sitt faktiske behov for følgjebeviset før fylte 8 år samanlikna med kva jamn aldrande funksjonsfriske barn kan delta på utan eigen følgjeperson. Ei faktisk behovsprøving kan sikre kvalitet i vurderinga når ein fråvik den generelle aldersgrensa og sikrar at formålet med ordninga vert tatt i vare. Det vert lagt til grunn at ivaretaking av formålet med følgjebevisordninga også i unntakstilfella vil vere viktig både for funksjonshemma generelt som

treng ordninga, men også for verksemder som deltek i ordninga.

Framlegg til retningslinjer har difor ein unntaksregel frå alderskravet. Unntaket går ut på at det i særskilte tilfelle kan gjerast unntak frå den nedre aldersgrensa. Følgjande moment er mellom anna relevant i vurderinga:

- Søknaden syner at barnet tek del på aktivitetar kor normalt andre funksjonsfrisk barn i same alder kan delta på aleine eller i grupper utan eigen følgjeperson
- Barnet er mellom 6-8 år
- Barnet har støttekontakt
- Barnet har store hjelpebehov

Tilråding:

Utval for helse og omsorg vedtek framlegget til reviderte retningslinjer. Aldersgrensa for tildeling av følgjebevis er 8 år. Unntak kan gjerast i særskilte tilfelle.

Vedlegg i saken:

23.05.2022	Alver kommune sine gjeldande retningslinjer for følgjebevis	1741970
23.05.2022	Framlegg til reviderte retningslinjer for følgjebevis	1741971

Arkiv: <arkivID><jplID> FE-614, TI-&00
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 19.05.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
024/22	Eldreråd	30.05.2022
029/22	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	30.05.2022
021/22	Ungdomsråd	30.05.2022
	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	
	Alver kommunestyre	

Følgjebevis ved utlån og utleige av kommunale bygg, anlegg og lokale

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Alver kommunestyre legg til grunn at følgjebevis skal akseptrast ved arrangement som finn stad i kommunale bygg, anlegg og lokale.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i ungdomsrådet, eldreråd, råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Saka skal til innstilling i utval for oppvekst, kunnskap og kultur

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Bakgrunn

Utleigereglementet for Alver kommune omtalar ikkje vilkår om aksept av følgjebevis for arrangement som finn stad i kommunale bygg, anlegg og lokale.

Kommunale tilskotsordningar til arrangement har vilkår om at tilskotsmottakar skal akseptere følgjebevis.

Det har komme fram behov for å samstille desse, og i tilfelle fastsetje praksis i påvente av ei eventuell rullering og evaluering av Alver kommunes utleigereglement.

Saksopplysningar:

Kommunedirektøren vurderer at vilkåra om aksept av følgjebevis bør vere like i retningslinene for tilskot til arrangement og i utleigereglementet, slik at ein sikrar at intensjonen om å legge til rette for følgjebevis får breiare formell verknad.

Gjeldande utleigereglement vart utarbeidd som del av bygginga av Alver kommune, og er bygd på praksis og erfaringar frå dei tre tidlegare kommunane. Reglementet tek høgde for store lokale variasjonar og ulik tidlegare praksis. I det førebuande arbeidet i 2019 var det i arbeidsgruppa ei erkjenning av at ein burde vurdere ei evaluering av reglementet etter nokre års drift av den nye kommunen, for å sjå om det var behov for justeringar.

Grunna påverknaden av pandemien vil denne generelle og eventuelle evalueringa måtte vente, slik at ein får erfart regulært utlån og utleige over tid, særleg for enkeltstående arrangement.

Kommunedirektøren rår til at ein legg til grunn prinsipp om aksept av følgjebevis for arrangement i kommunale bygg, anlegg og lokale, som kan vere styrande fram til ei generell evaluering av utleigereglementet.

Saka vert ikkje vurdert til å ha økonomiske konsekvensar for kommunen.

Arkiv: <arkivID><jpid> FA-L40
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 22.05.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
030/22	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	30.05.2022
	Alver formannskap	
	Alver kommunestyre	
	Utval for helse og omsorg	

Byggeprogram - bufellesskap

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek byggeprogram for nytt bufellesskap for menneske med utviklingshemming slik det ligg føre i saka.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Saka skal til uttale i helse og omsorg

Saka skal til innstilling i formannskap

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Bakgrunn

Kommunen skal tilby opphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad særskilt tilrettelagt for heildøgns tenester dersom dette etter ei helse- og omsorgsfagleg vurdering er det einaste tilbodet som kan gje brukaren nødvendige og forsvarlege helse- og omsorgstenester (Lov om kommunale helse- og omsorgstenester mm, §3-2 a)

Det vart i Formannskapet i Lindås kommune 18.02.2016 samrøystes vedteke prosjektmandat for utarbeiding av byggeprogram for bufellesskap (saksnr 013/16, arkivsak 16/466). Gjennom Bustadsosial handlingsplan 2017-2021 vedteke i KO 21.juni 2017 er det lagt fram behov om etablering av sju omsorgsbustader pluss for funksjonshemma der ein av desse skal vere ein avlastningsbustad/akuttbustad.

Sidan vedteke prosjektmandat har prosjektet møtt på ulike utfordringar som har gjort at realisering av nytt bufellesskap har teke lengre tid enn planlagt.

Ved kommunesamanslåinga måtte ein sjå på behova til kommunen på nytt for denne brukargruppa. Behova i dag er fem til seks omsorgsbustader pluss med tilhøyrande personalbase. Arbeidsgruppa har arbeidd vidare med byggeprogrammet frå tidlegare Lindås kommune og gjort endringar og tilpassingar ut i frå behova til Alver kommune.

Det er eit stort behov for nye omsorgsbustader pluss (heildøgns bemanna) for gruppa funksjonshemma i Alver kommune. Per 2022 ligg dei fleste omsorgsbustadene i sentrums-område. Det er få tilbod til grupper som treng andre omgjevnader der ein i større grad kan vere skjerma frå t.d. støy og andre forstyrringar. Eit nytt bufellesskap vil føre til betre tenester og betre livskvalitet for bebuarane, og vil krevje mindre ressursar totalt sett.

Behovet hjå kommunen sine innbyggjarar er definert til å vere eit nytt bufellesskap med skjerma lokalisering. I

dette tilfellet tyder det i landlege omgjevnader i ca. 10-15 min køyreavstand frå Knarvik.

Ved utvalsmøte for helse og omsorg den 22.03.22 vart saka utsett og sendt tilbake då både RMNF og HO ønska synfaring i Skarsvegen 29 samt tre alternative tomtar som har vore vurdert i prosjektet. Det vart gjennomført synfaring for RMNF den 02.05.22 og HO den 03.05.22.

Saksopplysningar:

I samband med handsaminga av saka i førre politiske møterunde kom det opp spørsmål knytt til dei alternative lokalitetane til Skarsvegen 29 og konkrete spørsmål knytt til eigdommen i Skarsvegen 29.


Utval for helse og omsorg ynskte svar på følgjande:

1. Når vil moglegheitstudiet sine svar vere diskvalifiserande for vedtaket om bygging i Skarsvegen 29.
2. Mogleg innverknad frå mogleg veg frå Alversund mot området Tredalsegga via Skarsvegen 29
3. Kor stort blir tapet av dyrka/dyrkbar/landbruksland?
4. Soltilhøve (årsstudie)

Under følger omtale og vurdering av dei tre alternative lokalitetane dersom denne skulle falle bort grunna Statens vegvesen si bandlegging av området. Dei aktuelle eigedommane er markerte med lilla punkt.

Gnr./Bnr. 141/1 Kvamsvegen 18

- Relativ ny reguleringsplan er vedtatt for dette området
- Området er regulert til LNF i reguleringsplan for Stølshaugane.
- Det er vurdert at det ikkje er ønskeleg å gjere dette til offentleg tenesteytingsområde då området ligg i omsynssone landbruk (fulldyrka og overflatedyrka) – i dette område er det viktig å ta vare på dyrkamark. I dialog med statsforvaltaren i samband med reguleringsplan for Stølshaugane var det klar tilbakemelding om at det ikkje var aktuelt med meir utbygging i dette området.
- Formålet er i konflikt med nasjonale og regionale føringar for lokalisering av bustader, i forhold til at en skal «oppretthalde kulturlandskapet gjennom å leggje til rette for aktiv drift og ta vare på verdifull landbruksareal»
- Det er ein omfattande prosess å forsøke å få arealet omdisponert til tenesteyting. Ein må i tilfelle først få riktig formål i overordna plan, i tillegg må det detaljregulerast. Framdrifta til prosjektet vil utsetjast minimum 3-4 år.



Gnr./Bnr. 1/20 Flatøy

- Her er det ønske om en stor bustadutbygging og fortetting og ein betre infrastruktur for området - området ligg ikkje skjerma og er støyutsatt med tanke på brukarane sine behov.
- Omsynssone E39 vil trolig gjere prosessen her vanskeleg.
- Tung prosess å få dette omgjort til offentleg tenesteyting. Formålet må forankrast i overordna plan, i tillegg må det regulerast. Framdrifta vil utsettast minimum 3-4 år.
- Området har ei bustadreserve som bør sikrast med tanke på framtidig utvikling av Flatøy.



Gnr./Bnr. 326/2 Moldekleiv

- LNF – område → Krev dispensasjon frå LNF føremål (Satt av til LNF i KDP for Meland)
- Det må sikrast løyve om utvida bruk av avkøyring til fylkesveg. Per i dag er dette vanskeleg då det skal i gang med arbeid langs fylkesvegen. (NH-pakken)
- Eigedommen er ikkje regulert
- Vedtatt ny fylkesveg Ådlandsvegen – Fosse – Moldekleiv
 - Ferdigstillelse tidlegast 2025?
 - Usikkerheit rundt prossesane frå VLFK som kommunen ikke har kontroll over
- Rekkefølgekrav knytt til ny fylkesveg vil utsette framdrift.
 - Deriblant at det vil bli gitt avslag på dispensasjons søknader fram til fylkesveg er ferdigstilt
 - Mogeleg ferdigstilling av bufellesskap tidligst 2027-2028



Svar på spørsmåla frå utval for Helse og omsorg:

1. Når vil moglegheitsstudiet sine svar vere diskvalifiserande for vedtaket om bygging i Skarsvegen 29.

Kriteria for val av lokalitet ligg fast. Fram til i dag har Skarsvegen dei beste eigenskapane sett ut frå dei kriteria som brukargruppa har lagt fram. Difor er Skarsvegen valt som lokalitet i byggjeprogrammet som var vedteke i tidlegare Lindås kommune. No har ein sett på Alver sine behov og skalert prosjektet deretter. Difor skal byggjeprogrammet opp igjen for nytt vedtak. Det har ikkje vore tenkt at anna enn det naudsynte skal endrast. Lokaliteten ligg fast etter at SVV oppgav bandleggingssona for sidearm frå E39.

Mogelegheitsstudie skal vise korleis vi på best mogeleg vis kan bruke tomta for å få på plass dei funksjonane som trengs for å bygge eit bufellesskap.

Dei behov som kommunen har for det nye bufellesskapet kan også gje gevinstar i form av høgare standard på veg, tilknytning til offentleg vatn og avløp etc.

Målet for prosjektet er å bygge et anlegg som treff brukarane sine behov på best mogeleg måte. I tillegg skal det gjerast gode tilpassingar til naboar og ålmenta.

Byggjeprogrammet er eitt steg på vegen mot realisering. I tillegg skal også forprosjekt inkludert økonomiske rammer opp til eige vedtak. Økonomi kan vere eitt av momenta som kan gjere at prosjektet stoppar opp.

Behovet for etableringa er stort og kommunen har eit krav på seg til å gje tenester til dei som treng det. Truleg veg dette tungt ved ei avgjerd.

2. *Mogleg innverknad frå mogleg veg frå Alversund mot området Tredalsegga via Skarsvegen 29?*

Dette alternativet vil ikkje bli tilrådd av SVV, då det kom dårlig ut i den samfunnsøkonomiske analysen deira knytt til utgreiing av ny E39-trase mellom Faltøy og Eikefet. Traseen mot Alversund er skrinlagt frå Statens vegvesen pr no. Kva som vil skje knytt til nasjonale vegprosjekt i framtida er vanskeleg å seie noko sikkert om. Alver kommune har vore i dialog med SVV og dei har ingen innvendingar mot at det blir starta opp arbeid med moglegheitsstudie og eventuelt detaljregulering parallelt med ferdigstilling av kommunedelplan E 39 Flatøy-Eikefettunnelen.

Dersom ein framover i tid vel å gå tilbake på konklusjonen som ligg i dag, og likevel finn ut at det er samfunnsøkonomisk forsvarleg vil også forutsetningane for vegprosjektet ha endra seg. Det vil verre ein heilt ny prosess med andre og nye hensyn som må kartleggast og vurderast om det blir aktuelt.

3. *Kor stort blir tapet av dyrka/dyrkbar/landbruksland?*

Eigedommen er registrert med 20 daa innmarksbeite. Det kan stillast spørsmål om arealet oppfyller kravet til innlandsbeite i dag. Eigedommen har ikkje vore i aktiv drift de seinaste 10-15 år og er attgrodd. Det må vurderast om til dømes skog hadde vore rettare kategori. Areal ute av drift forfell fort som jordbruksareal. Kommunen har plikt til å halde jordbruksareal i hevd dersom det ligg som LNF. Skarsvegen ligg i dag som offentleg tenesteyting.

Bilde 1 viser kva som idag er registeret som innmarksbeite og produktiv skog

Bilde 2 er flyfoto over eigedom frå 2020 og tilsvarende foto frå 2000



Gult areal: innmarksbeite

Grønt areal: Produktiv skog



Skarsvegen 29 i år 2020

Skarsvegen 29 i 2000

4. Soltilhøve (årsstudie)

Dette vil muligheitsstudien seie noko om, men ein vil legge til rette for at bustadene blir plassert i på ein slik måte at det vil gi dei beste sol/-skuggetilhøve som tomta kan gje utifrå brukarane sine behov.

Økonomi/Innsparing i drift av bufellesskap:

Et nytt bufellesskap vil kunne effektivisere drifta og redusere bemanninga med ca. 9-11 årsverk. Det er laga ein kalkyle over bemanningsbehov og lønnskostnader ved å etablere nytt bufellesskap kontra slik det er organisert idag. Ved å etablere nytt vil det vere ein innsparing pr. år på om lag kr. 2,1-2,4 millionar, avhengig av kva for ein bemanningsmodell ein vel å bruke. Skulle prosjektet igjen bli utsett med 3-4 år vil dette gi ytterlegare tapte lønnsinnsparingar på om lag 6-10 millionar. Ein har allereie kome langt i prosjektet med Skarsvegen 29 som lokasjon. Behovet for tilrettelagte bustader for målgruppa er stor. Ved ytterlegare utsetjing av prosjektet vil brukarar enten måtte vente på bustad eller det må etablerast nye individuelle butiltak som er kostbart. Netto kostnad for eit slikt tiltak er estimert til om lag 2,5 millionar kroner pr. år pr. person. Fleire av brukarane bur i dag i eldre bustader som ikkje er optimale for brukarar og tilsette. Det brukast betydelege summer kvart år på særleg tilpasning og oppgraderingar i bustadane. I tillegg kjem kostnader til vedlikehald. Ved å bygje nytt vil det vere store økonomiske innsparingane for kommunen. Skarsvegen som lokasjon er primært valt for at brukarane skal få optimale butilhøve og tilrettelagte bustadar i omgjevnadar som vil vere med å skape trygghet for brukaren. I tillegg vil Skarsvegen som bufellesskap fungere som eit kompetansesenter, der ein har moglegheit for tett oppfølging av de tilsette som vil gjøre at kvaliteten på tenestene vil vore betre.

Ny økonomisk ramme

Ny økonomisk ramme for byggeprosjektet er vurdert til 36,25 mill. NOK

	opphaveleg budsjett	Endring i denne saka
Ramme ekskl. usikkerheit	22 mill. nok	29 mill. nok

ramme inkl. usikkerheit	25,3 mill. nok	36,25 mill. nok
-------------------------	----------------	-----------------

Vedlegg:

Byggeprogram
- bufellesskap

Vedlegg:

Byggeprogram – Omsorgsbustader pluss – menneske med utviklingshemming

Vedlegg i saken:

23.05.2022 Byggeprogram - bufellesskap

1742429

Arkiv: <arkivID><jplID> FE-033
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 23.05.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
031/22	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	30.05.2022

Meldingar og orienteringar til RMNF - 30.05.2022

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Meldingar vert tekne til orientering.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Saksopplysningar:

Det vert lagt fram følgjande meldingar og orienteringar:

1. Detaljregulering for Holme – offentlig ettersyn og høyring, knytt til sak 024/22 v/Ingrid Raniseth, rådgjevar Planforvaltning
2. Rullering – anleggsstrategi for Alver kommune – 2020-2024, knytt til sak025/22 v/Anders Olav Dale-spesialkonsulent Kultur
3. Kulturprosjekt våren 2022, knytt til sak 026/22 v/Eileen Feste kulturkonsulent
4. Etablering av helsefellesskap – overordna samarbeidsavtale og tenesteavtale 1, knytt til sak 027/22 v/Helge Kvam-fagansvarleg Fagutvikling helse og omsorg
5. Revisjon av retningslinjer for følgjebevis, knytt til sak 028/22 v/Kari Hesjedal-avdelingsleiar Forvaltningskontoret
6. Følgjebevis ved utlån og utleige av kommunale bygg og anlegg, knytt til sak 029/22 v/Eirik B. Utne-tenesteleiar Kultur
7. Orientering om status for teleslynger i offentlege bygg v/Line Valle-tenesteleiar Eigedomsforvaltning og Prosjekt
8. Byggeprogram – bufellesskap, knytt til sak 30/22 v/Trond Engelsen- ingeniør Bygg, areal og grønt
9. Orientering om «vegbommer» på sideveggar der avstand mellom bommene er for liten slik at store rullestolar ikkje kjem seg gjennom v/Line Valle-tenesteleiar Eigedomsforvaltning og Prosjekt
10. Orientering om status for arbeidet med Kommunedelplan Oppvekst med vekt på arbeidet med delmåla i planen v/Rolf Raknes-fagleiar Plan og analyse

Orientering 1-7 vert gjeve i felles orienteringsmøte med Eldrerådet/RMNF.

Vedlegg i saken:

10.05.2022	Informasjon til medlemmer i Råd for mennesker med nedsatt funksjonsevne	1736944
------------	---	---------

From: Nora M. K. Gjerde
Sent: Tue, 10 May 2022 07:06:53 +0000
To: Nora M. K. Gjerde
Subject: VS: Informasjon til medlemmer i Råd for mennesker med nedsatt funksjonsevne
Categories: Arkivert i Websak

Fra: Uloba Independent Living Norge SA <post@uloba.no>
Sendt: mandag 9. mai 2022 13:03
Til: Postmottak Alver <post@alver.kommune.no>
Emne: Informasjon til medlemmer i Råd for mennesker med nedsatt funksjonsevne



Kjære medlemmer i Råd for mennesker med nedsatt funksjonsevne i Alver kommune,

Vårens viktigste kamp for funksjonshemmede er i gang, og vi trenger hverandres støtte!

BPA er et likestillingsverktøy, og hensikten med ordningen er å bidra til økte muligheter for selvbestemmelse, livsutfoldelse og samfunnsdeltakelse for funksjonshemmede.

BPA er like viktig for våre liv som rullestolen, mobilitetsstokken, førerhunden, brillene eller høreapparatet. Men pr. i dag fungerer ikke ordningen slik den er ment.

Derfor nedsatte Regjeringen Solberg i 2019 et offentlig utvalg som fikk i oppdrag å gjennomgå og foreslå forbedringer i ordningen med brukerstyrt personlig assistanse (BPA). Utvalget skulle se på hvordan BPA kunne utformes slik at personer med nedsatt funksjonsevne kan leve mest mulige aktive og selvstendige liv.

I desember 2021 avga BPA-utvalget Norsk Offentlig Utredning (NOU 2021:11). Denne utredningen er nå på høring frem til 1. juli i år. Utvalget ble ikke enige om en felles innstilling, og det ble derfor fremmet to ulike forslag. De 4 funksjonshemmede utvalgsmedlemmene har stått sammen og lanserte et lovforslag i tråd med FN konvensjonen om rettighetene til mennesker med nedsatt funksjonsevne (CRPD-konvensjonen). Du finner mer om lovforslaget (dissensen) her:

[Funksjonshemmede lanserer eget lovforslag om BPA - Uloba](#)

Nå trenger vi funksjonshemmede å stå sammen!

Dette er vår sjanse til å påvirke politikerne til å sørge for at vi endelig får en assistanseordning som fungerer, og som tar funksjonshemmedes faktiske behov på alvor. En sjanse til å få leve et helt vanlig liv som alle andre, på fritiden, i utdanning, i arbeidslivet og i familielivet.

Det er nå det gjelder! En slik sjanse kommer trolig ikke igjen på mange år.

Vedlagt er et opprop for å stille seg bak funksjonshemmede i utvalget sitt alternative lovforslag.

Vi håper medlemmene i Råd for mennesker med nedsatt funksjonsevne i hele Norge vil være med å støtte oppropet gjennom å dele det med så mange som mulig.

[Trykk her for å støtte vårt opprop: Bedre BPA nå!](#)

Vi oppfordrer og Rådet for mennesker med nedsatt funksjonsevne om å sende inn egne høringsuttalelser. Mange av medlemmene i rådene er også

medlemmer i ulike organisasjoner av og for funksjonshemmede, og vil helt sikkert kunne få gode innspill fra sine organisasjoner.

Egne høringsuttalelser kan sendes inn her:

https://svar.regjeringen.no/nb/registrer_horingsuttalelse/H2902914/

La oss stå sammen i å kreve en BPA-ordning som gir oss like muligheter til å delta i samfunnet!

Med vennlig hilsen

Uloba – Independent Living Norge SA

Ståle Bratlie
Visegeneralsekretær

FØLG OSS



© 2022 Microsoft Dynamics. Med enerett.

Tollbugata 114, 3041 Drammen

[Stopp abonnement](#)